

MØTEINNKALLING

Utval: Kontrollutvalet i Aurland kommune
Møtedato: Tysdag 06. juni 2023 kl. 14.00
Møtestad: Møterom 224

SAKLISTE

8/2023 Godkjenning av møteprotokoll 09.05.2023
9/2023 Drøftingssaker, skriv og meldingar

Eventuelle forfall meldast til kontrollutvalssekretariatet v/Harald Mo,
tlf: 95 26 13 40 eller e-post harald.mo@pwc.com

Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

Aurland, 30.05.2023

Frode Bekkestad
Leiar (sign)

Harald Mo
Sekretariat

Kopi:
Ordførar
Rådmann
Oppdragsansvarlig revisor

Kontrollutvalet i Aurland kommune

Sak 8/2023 Godkjenning av møteprotokoll 09.05.2023

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Harald Mo	06.06.2023	8/2023

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Møteprotokoll frå møte 09.05.2023 vert godkjent

VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	09.05.2023	Sekretariatet for kontrollutvalet	Møteprotokoll frå møte 09.05.2023

Kontrollutvalet i Aurland kommune

Møtebok

Møtedato: 09.05.2023

Møtetid: Kl. 13:00- 15:00

Møtestad: Rådhuset, kommunestyresalen

Saksnr.: 04/2023 – 7/2023

Følgjande medlem møtte	Parti
Frode Bekkestad, kontrollutvalsleiar	H
Kjell Nordgulen, nestleiar	Ap
Kristoffer Ullern Hansen	MDG

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Siri Larsen Ramsøy	Ap	Elisabeth Vindedal	Ap
Erna Underdal Skarsbø	Sp		

Ugilde	Sak	Følgjande varamedlem møtte

Møteleiar:	Frode Bekkestad
Frå sekretariatet møtte:	Harald Mo, PwC
Frå administrasjonen møtte:	Kommunedirektør
Frå revisjonen møtte:	Rune Mydland, KPMG
Andre som møtte:	Ordførar
Dokument utlevert i møtet:	Klage på administrativt vedtak og kommunestyret sitt vedtak i brev av 06.05.2023 og 07.05.2023 frå advokat Johannes Hauge til Aurland kommune
Synfaring:	
Merknader:	

Underskrifter:

SAKLISTE

Sak nr.	Sakstittel	Ope/lukka
04/2023	Godkjenning av møteprotokoll 07.02.2023	O
05/2023	Drøftingssaker, skriv og meldingar	O
06/2023	Årsmelding og årsrekneskap Aurland kommune 2022	O
07/2023	Årsmelding og årsrekneskap Aurland Hamnevesen KF 2022	O

Sak 04/2023 Godkjenning av møteprotokoll 07.02.2023

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Harald Mo	09.05.2023	04/2023

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Møteprotokoll frå møte 07.02.2023 vert godkjent.

VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	07.02.2023	Sekretariatet for kontrollutvalet	Møteprotokoll frå møte 07.02.2023

09.05.2023 KONTROLLUTVALET

SAK-04/2023 VEDTAK

Møteprotokoll frå møte 07.02.2023 vert godkjent.

Samrøystes.

Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

Sak 5/2023 Drøftingssaker, skriv og meldingar

Sakshandsamar Harald Mo	Møtedato 09.05.2023	Saknr 5/2023
-----------------------------------	-------------------------------	------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Forslag til vedtak vedlegg, vedlegg 1-4:

Kontrollutvalet tek innhaldet i dokumenta til vitande.

SAK/VEDLEGG

Vedlegg nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	16.02.2023	Norges Høyesterett	Kjennelse
2	02.03.2023	Harald Sjursen	Søknad om dispensasjon på gnr/bnr. 49/77. Parkering Flåm
3	02.04.2023	Harald Sjursen	Administrativt vedtak om bruk av idrettsbana i Flåm til permanent parkeringsplass m.m
4	09.02.2023	Aurland kommune	Justering av godtgjersle til kontrollutvalet.

09.05.2023 KONTROLLUTVALET

Drøftingssaker:

- Kontrollutvalet si vidare handsaming av brev frå Harald Sjursen
- Orienteringar i neste

SAK-05/2023 VEDTAK:

Kontrollutvalet viser til vedlegg 2 og 3, brev frå Harald Sjursen. Harald Sjursen opplyser i møtet at spørsmåla i breva er stila til administrasjonen tidlegare og han har ikkje fått svar på spørsmåla. Kontrollutvalet sender breva over til administrasjonen og ber om at administrasjonen svarar Harald Sjursen med kopi til kontrollutvalet på dei spørsmåla som han stiller i breva.

Kontrollutvalet tek elles innhaldet i dokumenta til vitande.

Samrøystes.

Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

Sak 6/2023 Årsrekneskap og årsmelding Aurland kommune 2022

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Harald Mo	09.05.2023	6/2023

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet vedtek uttale til årsrekneskapen 2022 for Aurland kommune slik den ligg føre. Uttalen blir sendt til kommunestyret, med kopi til formannskapet.

VEDLEGG:

Nr.	Dok. Dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	09.05.2023	Kontrollutvalet	Uttale frå kontrollutvalet til rekneskap, årsmelding og revisjonsmelding (utkast).
2	02.05.2023	Aurland kommune	Årsrekneskap og årsmelding 2022
3	02.05.2023	KPMG	Revisjonsmelding

09.05.2022 KONTROLLUTVALET

Kommunedirektøren orienterte om rekneskapen.

Kontrollutvalsleiar retta spørsmål til rådmann om tidspunkt for avlegging av rekneskapen.

Revisor gav ei orientering om revisjonen av rekneskapen.

SAK-6/2023 VEDTAK:

Kontrollutvalet vedtek uttale til årsrekneskapen 2022 for Aurland kommune slik den ligg føre. Uttalen blir sendt til kommunestyret, med kopi til formannskapet.

Møtebok kontrollutval i Aurland Kommune

Sak 7/2023 Årsrekneskap og årsmelding Aurland Hamnevesen KF 2022

Sakshandsamar Harald Mo	Møtedato 09.05.2023	Saknr 7/2022
-----------------------------------	-------------------------------	------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet vedtek uttale til årsrekneskapen 2022 for Aurland Hamnevesen KF slik den ligg føre. Uttalen vert oversendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.

VEDLEGG:

Nr.	Dok. Dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	09.05.2023	Kontrollutvalet	Fråsegn frå kontrollutvalet (utkast).
2	Februar 2023	Aurland Hamnevesen KF	Årsmelding 2022
3	Februar 2023	Aurland Hamnevesen KF	Årsrekneskap 2022
4	24.02.2023	KPMG	Revisjonsmelding

09.05.2023 KONTROLLUTVALET

Revisor orienterte kort om rekneskapen.

SAK-7/2023 VEDTAK:

Kontrollutvalet vedtek uttale til årsrekneskapen 2022 for Aurland Hamnevesen KF slik den ligg føre. Uttalen vert oversendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.

Kontrollutvalet i Aurland kommune

Sak 9/2023 Drøftingssaker, skriv og meldingar

Sakshandsamar Harald Mo	Møtedato 06.06.2023	Saknr 9/2023
-----------------------------------	-------------------------------	------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Forslag til vedtak vedlegg 1:

Kontrollutvalet tek innhaldet i dokumenta til vitande.

Forslag til vedtak om orienteringar:

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.

SAK/VEDLEGG

Vedlegg nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	Mai 2023	Aurland kommune	Tertialrapport 1. tertial 2023

Orienteringar:

Kommunedirektøren orienterer om:

- Tertialrapport 1. tertial 2023
- Oppfølging vedtak sak 12/2022, statusrapport forvaltingsrevisjon tekniske tenester

Kontrollutvalsleiar orienterer om:

- Info frå Fagkonferansen 2023

Drøftingssaker:

- Orienteringar i neste møte



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Arkivsaksnr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
23/374- 23/3033	K1-210, K3-&14	Robert Yttri 90613623	11.05.2023

Tertialrapport 1. tertial 2023 med budsjettendringar

Saka gjeld:

1. tertialrapport 2023 med budsjettjusteringar og disponering av kommunen sitt rekneskapsmessige overskot i 2022.

Tilråding frå kommunedirektøren:

1. Tertialrapport 1. tertial 2023 blir tatt til vitande.
2. Det blir satt av 3 mill. kroner frå disposisjonsfondet 25320901 til balansekonto 25620902 – lønsreguleringsfond.
3. Udekket beløp i investeringsregnskapet på 2,9 mill. kroner blir dekket inn av disposisjonsfondet 25620901.
4. Det blir satt av 4 mill. kroner til balansekonto 25350901 - ubundet investeringsfond dette kjem frå salg av skule bygg.
5. Det blir satt av 5 mill. kroner frå dispensasjonskonto 25320901 til balansekonto 25620909 – auka pensjonskostnad.
6. Investeringstabell endringar og flyttingar mellom prosjekta:

		Buds(end)	Endringer	
Pnr	Prosjektnamn	2023	1. tertial	Revidert budsjett
20001	Bygningsmessige tiltak pleie og omsorg	62 000 000	13 000 000	75 000 000
20018	Ny inngang trimrommet - idrettshall	9 000 000	5 000 000	14 000 000
20021	Overtaking Ytstebøen bustadfelt	3 200 000	1 000 000	4 200 000
20024	IKT - investeringar (2022)	2 319 000	300 000	2 619 000
20027	ENØK - tiltak (2020)	700 000	- 700 000	-
20101	VA anlegg Lindølagrovi - Klokkargarden	2 470 000	- 2 000 000	470 000
20108	Høgdebasseng Fretheimshaugane	15 000 000	- 10 000 000	5 000 000

20113	Nærmiljøanlegg ABU	2 640 000	400 000	3 040 000
20114	Opparbeiding Ty - utbygging	5 200 000	1 500 000	6 700 000
22003	VA Rådhuset - Trudvang - Hopen	5 900 000	1 000 000	6 900 000
23002	Høgdebasseng Skjerping	1 500 000	- 1 500 000	-
23004	Oppgradering kommunale vegar, jf hovudplan. 2023	2 500 000	200 000	2 700 000
23005	Gatetun trafikktiltak Undredal sentrum	1 500 000	- 1 500 000	-
23006	Rehabilitering Aurland stadion - ny kunstgrasbane	7 000 000	- 7 000 000	-
85039	PARKERING FLÅM KYRKJE	-	300 000	300 000
	Totalt	120 929 000	-	120 929 000

Saksframlegg

Rådmannen utarbeider økonomirapportar til formannskapet for vidare handsaming i kommunestyret.

Rapportane skal innehalde;

- ei vurdering av rekneskap samanlikna med budsjett, samt prognosar for budsjettåret
- melding om eventuelt avvik i høve til framdrift
- kostnader og finansieringsplan knytt til investeringsbudsjettet
- ei vurdering av andre vesentlege opplysingar av betydning for kommunen sin økonomiske situasjon, inkludert finansielle måltal
- ei vurdering av kommunens finansforvaltning
- dersom utvikling tilseier vesentlege avvik, skal rådmann en føreslå endringar i årsbudsjettet

Vurdering

1. tertialrapport for Aurland kommune viser at drifta er stort sett i samsvar med budsjett. Drifta til ABU skal gjennomgåast nærare for å få kontroll på avviket. Rapporten viser og stor kostnadsauke i investeringsprosjekta.

Kommunestyret vedtok i sak 077/22 følgjande: «Kommunestyret ser at det er eit stort behov for 1 person til i området helsestasjon- og skulehelsetenesta og helsestasjon for ungdom. Kommunestyret vedtek at engasjementstillinga ved helsestasjon blir gjort permanent. Rådmannen arbeidar inn dette i 1. tertial 2023»

Denne stillinga er ikkje innarbeidd (fast) på det noverande tidspunkt. Årsaka til det er at kommunestyret har vedtatt å endre kommuneorganisasjonen, og der blant anna nivå på kommunen sine tenester skal kartleggast. Målsettinga er å få vurdert rett kompetanse på rett stad (oppgåvefordeling) for å møte rekrutteringsutfordringane me er inne i. Gjennom analysar levert av Telemarksforsking skal nivå og behov vurderast. På den måten kan ei eventuell styrking av helsestasjonen bli finansiert. Det er for tidleg å konkludere med behov, og ei eventuell vridning av ressursar frå andre tenester.

Lønsoppgjør for 2023 er monaleg høgare enn det som var føresetnaden i statsbudsjettet. Utgangspunktet i budsjettet var 3,7%, medan resultatet vart 5,2%. Følgjene av dette er eit behov for å sette av meir midlar til lønsreguleringsfondet. Det er og varsla utfordringar med sommaravviklinga i pleie- og omsorgstenestene, og vikarbyrå må brukast. Dette vil føre til meirkostnadar, og vil bli dekkja av lønsreguleringsfondet.

Den sterke auken i lønsutviklinga i kommunal sektor, vil og bety stor kostnadsauke i pensjonsforpliktingane. Det blir difor tilrådd å auke avsetningane til «pensjonsfondet».

Meirforbruk i investeringsrekneskapen 2022 blir dekkja inn av disposisjonsfondet. Forklaringa er grunna endra kostnadsramme og forbruk i investering mot slutten av året, og som ikkje blei tatt med i budsjett 2022.

Det blir satt av midlar i ubundet investeringsfond etter sal av skule i bygg.

Vedlegg til saka:

Tertialrapport 1. tertial 2023



AURLAND KOMMUNE

Tertialrapport 1. tertial 2023



Innhald

Innleiing.....	3
Økonomi.....	3
Finansområdet.....	3
Oversikt drift – tenesteområde	4
Skatteinntang pr. 30.04.23	5
Finansielle måltal – fond	6
Låneportefølgje Aurland kommune pr 30.04.2023.....	7
Investeringar med kommentarar 1. tertial 2023.....	8
Personalstatus.....	12
Tenesteeiningar.....	14
Politiske organ	14
Sentraladministrasjonen	14
Kultur	16
Aurland barne- og ungdomsskule	17
Flåm barnehage.....	19
Aurland barnehage	20
Flåm skule	22
Helse og førebygging.....	23
NAV Aurland.....	24
Aurland og Lærdal barnevern	24
Pleie og omsorg.....	26
Bu og miljøtenester.....	27
Teknisk	29

Innleiing

Kommunedirektør utarbeider økonomirapportar til formannskapet for vidare handsaming i kommunestyret. Rapportane skal innehalde;

- ei vurdering av rekneskap samanlikna med budsjett, samt prognosar for budsjettåret
- melding om eventuelt avvik i høve til framdrift, kostnader og finansieringsplan knytt til investeringsbudsjettet
- ei vurdering av andre vesentlege opplysingar av betydning for kommunen sin økonomiske situasjon , inkludert finansielle måltal
- ei vurdering av kommunens finansforvaltning
- dersom utvikling tilseier vesentlege avvik, skal rådmann en føreslå endringar i årsbudsjettet

Økonomi

Det er laga ein prognose pr 1. tertial som er framskriven for heile året. Ut frå denne prognosen vil dei frie inntektene totalt sett vera uendra med opphavleg budsjett. Utfrå prognosen pr 1. tertial for drifta vil einingane samla sett komme ut med eit mindreforbruk, og for ABU skal det elles arbeidast med tiltak for å betra driftsbalansen i tenesteeininga.

Finansområdet

Økonomiske oversikter

	Regnskap 2022	Budsjett 2023	Framskriven prognose	avvik
Bevilgningsoversikt - drift (regnskap)				-
1 Rammetilskudd	47 153 053	54 850 000	54 850 000	-
2 Inntekts- og formueskatt	62 626 031	59 519 000	59 519 000	-
3 Eiendomsskatt	42 121 543	64 000 000	64 000 000	-
4 Andre generelle driftsinntekter	53 297 433	52 374 000	52 374 000	-
5 Sum generelle driftsinntekter	205 198 060	230 743 000	230 743 000	-
6 Sum bevilgninger drift, netto	99 115 093	173 437 953	173 437 953	-
7 Avskrivninger	24 576 889			-
8 Sum netto driftsutgifter	123 691 982	173 437 953	173 437 953	-
9 Brutto driftsresultat	81 506 078	57 305 047	57 305 047	-
10 Renteinntekter	2 538 055	900 000	900 000	-
11 Utbytter	762 067	5 000 000	5 000 000	-
12 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-	-	-	-
13 Renteutgifter	5 798 306	10 500 000	10 500 000	-
14 Avdrag på lån	13 028 336	14 000 000	14 000 000	-
15 Netto finansutgifter	- 15 526 520	18 600 000	18 600 000	-
16 Motpost avskrivninger	24 576 889			-
17 Netto driftsresultat	90 556 446	38 705 047	38 705 047	-
Disponering eller dekning av netto driftsresultat				-
18 Overføring til investering	5 191 000	22 600 000	22 600 000	-
19 Avsetninger til bundne driftsfond	22 138 913	19 900 000	19 900 000	-
20 Bruk av bundne driftsfond	- 11 324 577	16 526 000	16 526 000	-
21 Avsetninger til disposisjonsfond	89 270 002	28 975 047	28 975 047	-
22 Bruk av disposisjonsfond	- 14 718 928	16 244 000	16 244 000	-
23 Dekning av tidligere års merforbruk	-	-	-	-
24 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	90 556 411	38 705 047	38 705 047	-
25 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	-	-	-	-

Oversikt drift – tenesteområde


§5-4. andre ledd.

Bevilgningsoversikt drift, netto	Regnskap 2022	Budsjett 2023	Prognose	avvik
100 POLITISKE ORGAN	2 768 675	2 757 300	2 757 300	-
110 RÅDMANNSFUNKSJON	25 233 702	28 662 800	28 662 800	-
120 KULTUR	3 964 934	4 850 640	4 850 640	-
210 ABV	19 115 120	19 800 000	20 400 000	- 600 000
221 FLÅM BARNEHAGE	4 602 472	5 028 679	5 028 679	-
222 VANGEN BARNEHAGE	9 560 327	9 921 000	9 921 000	-
230 FLÅM SKULE	6 117 092	6 007 000	6 007 000	-
300 HELSE OG FØREBYGGJING	18 796 536	18 675 000	18 675 000	-
301 NAV AURLAND (kommune)	1 742 289	2 040 000	2 040 000	-
302 BARNEVERN	2 152 246	2 792 727	2 792 727	-
310 PLEIE OG OMSORG	36 386 571	38 762 000	38 762 000	-
311 BU- OG MILJØTENESTER	26 311 881	27 239 011	27 239 011	-
500 KOMMUNAL DRIFTSEINING	28 043 630	27 281 796	27 281 796	-
800 SKATT, RENTER MV.	2 397 110	200 000	200 000	-
801 LØNSREGULERINGSFOND	-	4 500 000	4 500 000	-
901 PENSJON	- 1 203 695			-
910 KONSESJONSKRAFT	27 000			-
Sum	186 015 890	198 117 953		- 600 000
Sum nettoutgifter drift	99 115 095	173 437 953		

Skatteinngang pr. 30.04.23

Kommunennummer	4641											
Kommunenamn	Aurland											
	2021		2022				2023					
Måned	Måneds-inngang	Måneds-inngang	i % av faktisk inngang heile året	Inngang hittil i år	i % av faktisk inngang	Budsjett periodisert	Måneds-inngang	i % av justert budsjett	Inngang hittil i år	i % av justert budsj. (akk)	Endring hittil 2021-2022	Endring % 2021-2022
Januar	5 741 011	7 846 127	8,28 %	7 846 127	8,28 %	6 666 128	6 776 449	7,42 %	7 846 127	8,59 %	- 1 069 678	-13,63 %
Februar	415 151	1 499 332	1,58 %	9 345 459	9,86 %	791 602	733 702	0,80 %	8 579 829	9,40 %	- 765 630	-8,19 %
Mars	22 935 454	7 792 453	8,22 %	17 137 912	18,07 %	8 832 619	24 822 860	27,19 %	33 402 689	36,59 %	16 264 777	94,91 %
April	1 709 624	2 723 448	2,87 %	19 861 360	20,95 %	1 047 534	912 614	1,00 %	34 315 303	37,59 %	14 453 943	72,77 %
Mai	23 166 637	38 878 156	41,00 %	58 739 516	61,95 %	8 933 801	16 554 764	18,13 %	50 870 067	55,72 %	- 7 869 449	-13,40 %
Juni	1 360 474	1 626 998	1,72 %	60 366 514	63,67 %	29 557 135		0,00 %	50 870 067	55,72 %	- 9 496 447	-15,73 %
Juli	7 675 281	7 991 371	8,43 %	68 357 885	72,09 %	7 392 259		0,00 %	50 870 067	55,72 %	- 17 487 818	-25,58 %
August	660 892	858 808	0,91 %	69 216 693	73,00 %	1 749 858		0,00 %	50 870 067	55,72 %	- 18 346 626	-26,51 %
September	9 530 029	10 462 395	11,03 %	79 679 088	84,03 %	9 243 300		0,00 %	50 870 067	55,72 %	- 28 809 021	-36,16 %
Oktober	1 579 024	1 233 359	-1,30 %	78 445 729	82,73 %	1 517 000		0,00 %	50 870 067	55,72 %	- 27 575 662	-35,15 %
November	9 706 633	15 169 555	16,00 %	93 615 284	98,73 %	6 850 636		0,00 %	50 870 067	55,72 %	- 42 745 217	-45,66 %
Desember	3 343 525	1 201 581	1,27 %	94 816 865	100,00 %	8 710 388		0,00 %	50 870 067	55,72 %	- 43 946 798	-46,35 %
Regnskap	87 823 735	94 816 865				91 292 260						

Budsjett 2022: kr. 86 000 000



Grafen syner stor forskjell frå budsjett til rekneskap, grunnen er at periodisert budsjett er basert på fjorårets rekneskapstal. Og då var det forsinka utbetaling av naturressursskatten på nokre månadar. Det meste av Naturressursskatten i år har me fått inn i Mars og Mai. Sjå tabell over for meir detaljert samanlikning med åra som har gått. Per dagsdato so er me i rute for å få det me har budsjettet med kr 91mill.

Finansielle måltal – fond

Disposisjonsfondet:

Pr 31.12.2022 va disposisjonsfondet på kr 114 mill

Pr 30.04.2023 er fondet på kr 111mill.

Pr 31.12.2022 utgjer dette 30% av brutto driftsinntekt.

Pr 30.04.2023 utgjer dette 80% av brutto driftsinntekt.

Midlar på disposisjonsfond skal minst utgjere 17,5 % av sum driftsinntekter det einskilde

Konsesjonsavgiftsfondet:

Pr 31.12.2022 var dette 19,2 mill

Pr 10.04.2023 er fondet på 17,3 mill.

Netto finansutgifter:

Pr 31.12.2022 var nettofinans utgifter kr 15 526 520

Pr 30.04.2023 er netto finansutgifter kr 8 500 000

Pr 31.12.2022 utgjorde dette 4%

Pr 30.04.2022 utgjorde dette 6%

Netto finansutgifter over tid og i gjennomsnitt skal haldast innanfor 3,5 % av sum driftsinntekter det einskilde år.

Netto driftsresultat:

Pr 31.2.2022 var netto driftsresultat kr 90 500 000.

Pr 30.04.2023 er netto driftsresultat kr 34 200 000

Pr 31.12.2022 utgjorde dette 23%

Pr 30.04.2023 utgjorde dette 24%

Netto driftsresultatet – etter den nye definisjonen, skal vere på minimum 2,0 % av sum driftsinntekter det einskilde år.

Gjeldsgrad:

Gjeldsgrad er definert som lånegjeld til eigne investeringar dividert på brutto . Målalet for Aurland kommune er at ein ikkje skal kome over 75 % i gjeldsgrad.

Avlagt rekneskap for 2022 viser kr 386 mill. i brutto driftsinntekter. 75 % av dette er 289 mill. Dette utgjer ein gjeldsgrad på 58%.

Det har vore ekstraordinære inntekter i 2022 på grunn av høge prisar på straum.

I 2023 er det budsjettert med bruk av lån med kr 32 mill.

Ubruktelånemidlar utgjorde om lag 1,3 mill. kroner pr 31.12.2022.

Låneportefølgje Aurland kommune pr 30.04.2023.

LÅNEPORTEFØLJE PR 31.12.2022	Pr 31.12.2022	Avdrag 2022	Pr 31.12.2023
Art: 24519372 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20020846	-11 520 000	1 920 000	-9 600 000
Art: 24519373 KOMMUNEKREDITT LÅN NR 8317.50.	-3 714 602	1 061 316	-2 653 286
Art: 24519377 KLP KOMMUNEKREDITT LÅN NR 030 4	-2 531 250	468 750	-2 062 500
Art: 24519378 KLP KOMMUNEKREDITT LÅN NR 030 4	-2 531 250	468 750	-2 062 500
Art: 24519379 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20100248	-5 456 250	727 500	-4 728 750
Art: 24519383 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20140565	-8 160 000	480 000	-7 680 000
Art: 24519385 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20160505	-8 320 000	437 900	-7 882 100
Art: 24519386 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20170414	-17 666 670	706 690	-16 959 980
Art: 24519387 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20170374	-30 699 020	0	-30 699 020
Art: 24519388 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20180289	-27 653 990	1 316 860	-26 337 130
Art: 24519389 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20190318	-43 269 600	1 966 800	-41 302 800
Art: 24519390 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20210043	-64 265 300	3 473 800	-60 791 500
TOTALT	-225 787 932	13 028 366	-212 759 566

Det er vedteke bruk av lån til investeringar i 2023 på inntil 32.000.000 kroner. Låneoptaketvil skje i løpet av 2023.

Investeringar med kommentarar 1. tertial 2023

		Buds(end)	Regnskap	Endringer	Revidert budsjett
Pnr	Prosjektnamn	2023	2023	1. tertial	
20001	Bygningsmessige tiltak pleie og omsorg	62 000 000	28 829 963	13 000 000	75 000 000
	Utbygginga pågår. Ny frist som er inngått med hovudentreprenøren og tekniske fag er 15.09.2023. I budsjettreguleringa tek ein med prisauken frå byggestart og til no innan alle entreprisane i prosjektet. Prisauken er pr no kr 10 mill. I tillegg er det godkjend endringar kr 3 mill fordelt på nokon av entreprenørane. Krava frå hovudentreprenøren er vesentleg større enn kommunen har godkjend og det er usemje om desse og mengdekontroll. Prosjektet er krevjande og har medført vesentleg med meirarbeid for byggherreorganisasjonen.				
20002	Ny barnehage (2020)	-	11 903	-	-
	Prosjektet er avslutta. Midlar ført feil i prosjektrekneskap vert overført drift. Attståande arbeid uteområde vert følgt opp av entreprenør og utførast mai 2023, som del av garantisynfaring.				
20003	Turveg Heggviki - Bøen (2020)	2 400 000	55 550	-	2 400 000
	Oppmålingar og frådelingar pågår. Har vore søkt om anleggsbidrag hjå SVV, men har fått avslag på søknad. Kommunen sin søknad vert med som grunnlag i prioriteringsarbeidet for ny NTP. Er tildelt midlar kr 2 mill frå Thon stiftinga til medfinansiering, under vilkår om igangsetting i løpet av året og at prosjektet er fullfinansiert. Sak i tingretten for fastsetting av skjønn er skyvd på til hausten i påvente av utvikling i saka. Felles veg på Kvitt vil bli kommunal veg og det må påreknast vedlikehaldsarbeid på vegen for å følgje opp kjøpsavtalane. Sak om overtaking av veg etter veglova vil bli førebudd.				
20018	Ny inngang trimrommet - idrettshall	9 000 000	264 303	5 000 000	14 000 000
	Det er gjennomført planleggingsarbeid og totalentreprise er ute på anbod. Anbodssynfaring gjennomført og anbodsfrist sett til 23 mai. Er knytt usikkerheit til prisauke. Dersom innkomne tilbod er over ramma vil dette bli framlagt for Formannskapet i møte 25 mai. Medfinansiering gjennom spelemiddelordninga og det er utført møter og naudsynte avklaringar med Vestland fylkeskommune i høve dette. KS1 notat blir lagt fram i samband med Formannskapet si handsaming av tertial.				
20019	Nærmiljøanlegg leikeplassar	900 000	72 500	-	900 000
	Leikeanlegg i Flåm og Gudvangen er sett opp. Utført arbeid og innkjøp ikkje fakturert enno.				
20021	Overtaking Ytstebøen bustadfelt	3200000	110000	1000000	4200000
	Utskifting av kummar og sandfang er utført. Det pågår arbeid med omlegging av VA og ny busslomme. Manglande innbetaling av refusjon frå tomteeigarar vert fulgt opp. Retting av feil og manglar har medført tillegg i prosjektet kr 1 mill.				
20024	IKT - investeringar (2022)	2 319 000	1 888 432	300 000	2 619 000
	IKT investeringar. Nausynte tiltak medfører behov for auke i løyvinga.				


		Buds(end)	Regnskap	Endringer	Revidert budsjett
Pnr	Prosjektnamn	2023	2023	1. tertial	
20027	ENØK - tiltak (2020)	700 000	-	-700 000	-
	Løyving er tilrådd skyvd til 2024 på grunn av total investeringsvolum.				
20028	Breibandutbyggjing (2022)	600 000	-	-	600 000
	Vidarført som budsjettert.				
20038	SIKRINGSPROSJEKT HALLINGGROVI 2020	2 430 000	64 745	-	2 430 000
	Sikringstiltak ferdig prosjektert, men ikkje fakturert enno. Prosjektert løysing dannar grunnlag for søknad til verneområdestyre, samt byggesøknad for gjennomføring. Utførelsesarbeidet er tildelt. Det vart ikkje gjeve tilsegn om medfinansiering frå NVE til prosjektet ut i frå kost-nytte vurdering.				
20047	PARKERINGSTILTAK AURLAND PARKERING	5 800 000	2 095 109	-	5 800 000
	Prosjektet omfattar innføring av parkerigsløysingar som automatar, kamerløysing, naudsynte fysiske tiltak. I tillegg omfattar prosjektet opparbeiding av ny parkeringsplass i Flåm i samsvar med nyleg vedteken områdeplan for Flåm sentrum. Prosjektet inngår i sjølvkostområdet for parkering som inneber at parkeringsinntektene går til å finansiere heile prosjektet over tid. Byggjeleiar for prosjektet har vore på anbod og er tildelt. Bygging av parkeringsarealet har vore å anbod og er tildelt. Arbeidet er i gang.				
20048	TILTAK TRAFIKKSIKRINGSPLAN	300 000	40 523	-	300 000
	Trafikktryggingstiltak i samsvar med kdp for veg og trafikktrygging. Løyvinga dekkar arbeid med rekkverk, skilting, fartsdempande tiltak m.fl.				
20101	VA anlegg Lindølagrovi - Klokkargarden	2 470 000	39 760	-2 000 000	470 000
	Er tilrådd skyvd til 2024 på grunn av total investeringsvolum. Attståande arbeid omfattar naudsynte tiltak i høve støttemur i området som grunnlag for VA struktur i trase. Det må gjennomførast klarlegging av grenser i området, som grunnlag for inngåing av avtalar om grunn.				
20108	Høgdebasseng Fretheimshaugane	15 000 000	3 488	-10 000 000	5 000 000
	Bygginga er tildelt entreprenør og oppstart vert planlagd. Byggjeleiar for prosjektet har vore på anbod og er tildelt. Hovudandelen av arbeidet vil pågå i 2024 på grunn av kapasiteten i markedet ihht kontrakt. Difor er posten redusert for 2023 og løyvingar handterast vidare i 2. tertial og budsjett 2024.				
20113	Nærmiljøanlegg ABU	2 640 000	112 700	400 000	3 040 000
	Byggjearbeid for ny treningspark pågår. Naudsynt med ei tilleggslyyving for å handtere overflatevatn på området.				
20114	Opparbeiding Ty - utbygging	5 200 000	705 970	1 500 000	6 700 000
	Entreprenøren er i sluttfasen for øvre del av Ty bustadfelt. Prosjektet skal stå klart juni 2023 ihht kontrakt. Prosjektet har vore omfattande med omsyn til utsprenging av tomter, geotekniske tilhøve, massehandtering, muring m.fl. Samtidig har prosjektet handtert grensesnitt mot naboar og sikra tilkomst til desse også i anleggsfasen. Prisauke og omprosjektering for tilleggsarbeid har medført behov for tilleggslyyving. Vi har no starta opp arbeidet i høve prospekt og utlysing av tomter og korleis vi skal følgje opp den juridisk bindande planen i høve prinsippet om samordna utbygging og krava som er sett. Sak om prisfastsetting vert lagt fram for Formannskapet i møte 25 mai.				

		Buds(end)	Regnskap	Endringer	Revidert budsjett
Pnr	Prosjektnamn	2023	2023	1. tertial	
20123	Miljøtiltak Flåmsvassdraget	2 000 000	3 937 975	-	2 000 000
	Prosjektet løysingar har vore sendt elveeigarlag/grunneigarar for uttale. Er gjennomført møte med Statsforvaltaren og NVE om tiltaksplanen. Det vil bli gjennomført møte med elveeigarlaget for å avklare kva tiltak som kan gjennomførast. Dette vil danne grunnlag for eit anbudsgrunnlag for utførelsesfasen som skal lystast ut.				
22003	VA Rådhuset - Trudvang - Hopen	5 900 000	-	1 000 000	6 900 000
	Prosjektet omfattar VA struktur på strekninga. På grunn av gamle VA leidningar og ukjende kablar som låg i grunnen er det naudsynt med tilleggsøyving for slutføringa. Behovet for ny fiber fram til ABU er også handtert i prosjektet. Fiberomlegginga kan ikkje dekkast av sjølvskostrekneskapet på VA og bør difor dekkast av tilleggsøyving.				
22005	Klarlegging av eigedomar Skinnarviki	250 000	2 283 362	-	250 000
	Prosjektet er i gang, det er gjennomført klarlegging av grense og grensejustering i nord ved Helsetunet og kaia. Prosjektet held fram sørover.				
22006	Kjøp av husvære Ryggjatun	8 600 000	40 000	-	8 600 000
	Delbetaling skjer etterkvart som leilegheiter blir ferdigstilte.				
22009	Mur Doktorbrekka	500 000	3 500 000	-	500 000
	Prosjektet er om lag ferdig, står att rekkverk.				
23001	Inventar nybygg Aurland Helsetun	2 000 000	461 771	-	2 000 000
	Prosjektet er i gang i regi av Pleie og omsorg.				
23002	Høgdebasseng Skjerping	1 500 000	-	-1 500 000	-
	Er tilrådd skyvd til 2024 på grunn av total investeringsvolum.				
23003	Utskifting av maskiner og utstyr teknisk, jf utskiftingsplan. 2023	3 200 000	-	-	3 200 000
	Maskiner/utstyr er bestilt og fakturaer er venta ved leveranse. Prosjektet skjer i samsvar med utskiftingsplan.				
23004	Oppgradering kommunale vegar, jf hovudplan. 2023	2 500 000	45 000	200 000	2 700 000
	Prosjektet er i gang og det blir utført fleire delprosjekt i samsvar med hovudplan for veg. Det vil bli utført arbeid ved Håreina samordna med arbeid som Bane nor skal utføre på jernbanelinja. På grunn av utrasinga av mur på Flåmsdalsvegen ved Leina vert nokre delprosjekt sett på vent. Mur på Flåmsdalsvegen låg inne i 2024 i vedtatt økonomiplan og det er tilrådd å nytte midlar i 2023 til oppattbygging av ny mur hausten 2023.				
23005	Gatetun trafikktiltak Undredal sentrum	1 500 000	30 000	-1 500 000	-
	Prosjektet er tilrådd skyvd på til 2024 på grunn av total investeringsvolum. Tiltak på veg i høve gatetun må samordnast med framføring av straum for å unngå graving i veg to gonger.				

		Buds(end)	Regnskap	Endringer	Revidert budsjett
Pnr	Prosjektnamn	2023	2023	1. tertial	
23006	Rehabilitering Aurland stadion - ny kunstgrasbane	7 000 000	-	-7 000 000	-
	Prosjektet vart jobba mykje med i starten av året. Etter dialog med fotballgruppa er prosjektet ønska skyvd til 2024 for planlegging av endeleg val av løysing og ny anbudsrunde. Prosjektet må sjåast i lys av nyleg vedteken forbod mot gummigranulat som trer i kraft i 2031, med utfasing i perioden fram til dette. Anbudsrunderen som vart gjennomført i vinter synte tilbod på kr 14,5 mill for kunstgrasbane. I tillegg må det påreknast 2 mill til løpebaner som også må skiftast i samband med dette.				
23007	Generell oppgradering Infrastruktur	500 000	100 000	-	500 000
	Straumframføring fram til ulike anlegg i kommunen. Prosjektet er i gang.				
23008	Bygningsmessige tiltak- omstilling og samlokalisering	200 000	386 283	-	200 000
	Prosjektet er i gang gjennom omstillingsarbeidet. Konsulent er engasjert i samband med forprosjekt.				
85039	PARKERING FLÅM KYRKJE	-	15 000	300 000	300 000
	Står att ein del arbeid ifht oppfølging av inngått avtale.				
			66 769		
	Totalt	150 609 000	45 094 337	-	150 609 000
			*pr 11.05.2023		
	*Nærare omtale av prosjekta kjem fram av statusrapportar lagt fram for Formannskapet.				

Personalstatus

Sjukefråvær 1. tertial



Det har vore eit høgre sjukefråvær i Aurland kommune i år enn i fjor, og vesentleg høgre enn 2021 då gjennomsnittet låg på 4,3 %.

Sjukefråværet på 8% 1. tertial 2023 inkluderer både eigenmelding og sjukemelding. Det er 6,68% legemeldt fråvær.

Tenesteleiarane melder om at det er fleire hyppige sjukemeldingar grunna luftvegsproblematikk og andre forbigåande sjukdomar. I tillegg er det tilbakemelding på at vakanse, grunna rekrutteringsproblematikk, gjer slitasje for dei tilsette.

Dei siste 12 månadane er sjukefråværet i snitt på 6,65%, så tala kan vere tilfeldig høge i 1. tertial 2023. Langvarig auke i sjukefråværet vert følgt opp og eventuelle tiltak vert vurdert. Sjukefråvær er tema i kvart Leiarforum.

Kjønnsfordelt



Tilsette i Aurland kommune 1. tertial



Gjennomsnittsalder er 45,6 år.

Gjennomsnitt år som tilsett i Aurland kommune er 16 år.

Heiltid og deltid

Aurland kommune har ein gjennomsnittleg stillingsstorleik på 78,6%. Me har hatt ei svak oppgang i 1. tertial og forventar ei større auke i samband med heiltidserklæringa.

Det har i 2023 berre vore utlyst heile stillingar der det har vore mogleg. Stillingar i einingar med opningstid (avgrensa teneste) har hatt utlyst deltidsstilling. Døme: Fritidsklubben.

Turnover

I første tertial har det vore 6 tilsettingar og 5 som har sagt opp i Aurland kommune. Turnover i prosent er 1,8%, noko som er lågt. Den vil nok stige utover året, men ligg an til å bli lågt ut i frå status 1. tertial.

Til samanlikning med andre kommunar har Aurland kommune låg turnover, noko som er ein positiv indikator. I tillegg vil alderssamansetnad spele ei rolle når det gjeld turnover.

Her er data henta frå [Turnover i kommuner og fylkeskommuner - KS](#)

Turnover - ti største stillingskoder

Stillingskode	Stilling	2017-2018	2018-2019	2019-2020	2020-2021	2021-2022
0000	HELE KOMMUNESEKTOREN	12,2%	12,6%	12,7%	12,8%	13,6%

Tenesteeiningar

Politiske organ

Kjerneoppgåver:

- Ordfører
- Møte i folkevalde organ

Det er gjennomført politiske møte i tråd med møteplan for kommunestyret og formannskapet. Det har ikkje vore møte i Levekårsutvalet i perioden (avlyst to møte) grunna ingen politiske saker til handsaming. For Plan- og eigedomsutvalet er det avlyst eit møte grunna ingen politiske saker til handsaming og eit er avholdt etter planen.

Mål/utviklingsområde:

Vedtakscodeoversikta syner status for dei politisk handsama sakene denne perioden.

Økonomi/ressurs:

Budsjett pr. 30.4	Rekneskap pr. 30.4	Avvik i %
Kr. 1.366.876	Kr. 1.476.580	- 8 %

Ført 500.000,- for kontingent LVK på konsesjonsavgift som ikkje er lagt inn i periodiseringa/budsjettet.

Sentraladministrasjonen

Forvaltning og utvikling (FORUT)

Leiar Steinar Sjøgaard (fag) / Beathe Ekhall Stentvedt (personal)

Kjerneoppgåver:

- Kommunal planlegging
- Byggesakshandsaming
- Næringsretta arbeid
- Handsame søknader konsesjonsavgiftsfondet
- Kommunalt eigarskap
- Samfunnsutvikling
- Konsesjonskraft
- Miljø og vassforvaltning

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

- Kommuneplanen
- Oppfølging av verdsarvstatus og verneområde
- Nordfjellarådet

- Koordinere arbeid med miljø, klimatilpassing og vassforvaltning

Viktige hendingar:

- Arbeid med arealdelen
 - Grendemøter
 - Folkekontor kvar fredag
 - Arbeid med kunnskapsgrunnlag
- Vedtak av områdeplan Flåm
- Planlegging av testing av Gnist konsept

Mål/utviklingsområde:

- Kulturminneplan
- Utreie og etablere interkommunale samarbeid innanfor aktuelle fagområde innanfor samfunns-, næringsutvikling og forvaltning
- Lokal plan for aldersvennleg samfunn / levande lokalsamfunn

Støtte og digitalisering (STØDIG)

Leiar Beathe Ekhall Stentvedt

Kjerneoppgåver STØDIG:

- Arkiv/dokumentsenter
- Sentralbord og resepsjon
- Politisk sekretariat
- Informasjon
- Val
- Løn og personal
- Økonomi og rekneskap
- IKT

Viktige hendingar (STØDIG):

- Årsavslutning
- Lærdal ute av drifta. Omstilling til nye oppgåver
- Felles kontaktsenter frå 17. april
- Ny leverandør på telefoni
- Oppgradert AV-utstyr i kommunestyresalen og møterom
- Kurs i Klart Språk
- Vald frittstående arkivkjerne for alle system (med IKTNH)

Mål/utviklingsområde STØDIG:

Innføring av Framsikt for økonomiplan og budsjett
 Informasjonssikkerheit og personvern
 Digitalisering og smarte prosessar
 Kommunestyre- og fylkestingval
 Nytt rekrutteringssystem (med IKTNH)
 Anbudsprosess på nytt sak/arkivsystem (med IKTNH)
 Overgang nytt sentralbord for legekantoret

Fellesoppgåver som sentraladministrasjonen har ansvaret for (tverrfagleg):

Sentraladministrasjonen har ansvar for intern tenesteyting ved støtte og digitalisering og samfunnsutviklingsoppgåver ved forvaltning og utvikling.

Kort resultatvurdering:

Sentraladministrasjonen har omstilt seg til drift av ein kommune på økonomi og løn. Dette har frigitt ressursar til å bistå einingane på arbeid i samband med rekruttering/ledige stillingar og andre merkantile oppgåver for barnehagane.

Det blir jobba med omstillingsprosjektet i kommunen.

Økonomi/ressurs:

Budsjett pr. 30.4	Rekneskap pr. 30.4	Avvik i %
Kr. 10.585.121	Kr. 9.751.361	8 %

Plan vil ha behov for meir midlar enn i 2023.

Kultur

Namn Leiar: Monica Hille

Kjernefunksjonar: Kulturadministrasjon, Kulturvern, Folkebibliotek, Skulebibliotek, Kulturskule, Ungdomsrådet, Fritidsklubben, Kulturmidlar, Aurlandsprisen, Aurlandsmarsjen, Idrett, Utstillingar i Heradshuset som Galleri Vinjum og Sivleutstillinga, kontakt mot frivillige lag og organisasjonar, Arrangement i kommunen, Kulturminnedagar, Namnenemnd, Sti og løypeplan arbeid, Nynorske Litteraturdagar, Teater Vestland, Kommunal Veterankontakt m.m

Tverrfaglege prosjekt og oppgåver:

Kulturarvteam, Kulturarvplan, Ungdomsrådet, Den kulturelle Spaserstokken, Den kulturelle skulesekken, UKM, Kulturskulen leverer tenester til helsetunet

Viktige hendingar:**Kulturskule**

Konsert/førestilling i juni og til Aurlandsmarknaden. Kultureininga jobbar for at det skal bli undervisning ved Flåm skule til hausten, og få opp att aktiviteten til kulturskulen mot kor/korps og barnehagane.

Arbeid med barn og unge/klubb

Oppmøtet på klubben er stabilt og godt alle dagar/kveldar. Klubben har vore ope til ordinære opningstider tre kveldar i veka. Eininga har som mål å få til ei glidande overgang der ungene får tid til å bli trygg på dei vaksne og venje seg til ny personalgruppe. I tillegg til anna aktivitet har klubben vinteren 2023 hatt eit særleg fokus på psykisk helse på klubben. I februar deltok ungene i det nasjonale spelet «klubbkampen» der dei løyste ulike kreative oppgåver. Klubbkampen er ein del av Ungdom og Fritids kampanje- Fritidsklubben som førebyggjande arena. Kultureininga har og eit auka fokus på mobbing, mobilbruk og utanforskap på skulen, klubben og i sosiale media. På fredagsklubben Cobra har ungdommane sjølv, søkt midlar frå Ungdommens Frifond til å arrangere ei førebyggjande temakveld på klubben kring temaet rus.

Klubben søkte, i samarbeid med ABU og barnevern, utlyste midlar frå Statsforvalter til arbeid med kommunalt førebyggjande rusarbeid. Kommunen fekk tilslag på halve søknadssummen. Målet er å utvikla eit felles årshjul for førebygging for alle aktuelle arena/aktørar.

Ungdomsrådet: Februar 2023 vart det gjennomført ein workshop m. planavdelinga i samband med den nye arealdelen. Neste møte er sett til 12. mai. Tema for neste møte: Kartlegging til førebyggjande plan, kulturarvplan.

Biblioteket

I samarbeid med dei andre biblioteka i Sogn har me arrangert fleire bokbad, i januar med Eli Strand, mars med Gaute Heivoll, og med Oddgeir Bruaset i april.

Biblioteket har også levert statistikk for 2022.

Lesebingo for born, unge og vaksne, med flott deltaking. Har laga Mairebus til Dagsturhytta Deltaking på seniornett og informert om digitale tenester som er gratis ved biblioteket. Biblioteket har lånt ukrainske bøker av det fleirspråklege biblioteket til vidare utlån.

Nytt biblioteksystem skal innførast.

Galleri Vinjum

I januar hadde Luca Berti fotoutstilling på gjestegalleriet.

I mars og april har 8. klasse ved ABU hatt utstilling på Heradshuset.

Styret i Galleri Vinjum jobbar med Johs. Vinjum sitt minnelegat.

Kulturadministrasjon

Planlegging av 8. mai og Aurlandsmarsjen 8. aug. Kulturminnedagar er under planlegging. Nye retningslinjer for kulturmidlar er behandla og teken i bruk. Fredingsprosessen av Otternes bygdetun. Det er målsetting at Kulturarvplanen er på plass i løpet av året 2023.

Nynorske litteraturdagar

Det vert arbeidd med årets NL og programmet er klart, 20. – 21. oktober er det festival.

Mål/utviklingsområde:

- Innkjøp av nytt biblioteksystem til hausten saman med dei andre kommunane i IKTNH.
- Kulturskulen som ressurs i samfunnet, slik at fleire kan få nytte seg av tilbodet

Kort resultatvurdering:

Følgje årshjulet til kultureininga, og dei måla som er nedfelt der.

Økonomi/ressurs:

Budsjett pr. 31.04.23	Rekneskap pr. 31.04.23	Avvik i %
1.739.644	1.574.103	9,52 %

Mindre forbruk skuldast fleire vakante stillingar. Arbeider for heiltidsløftet.

Aurland barne- og ungdomsskule

Bjørg Henriette Gustavsen, tenesteleiar og rektor

Kjerneoppgåver:

Skulen skal gi ei tilfredsstillande og tilpassa opplæring til alle elevar. Dette skjer gjennom planlegging, undervisning og vurdering. Me skal legge til rette for at elevane skal oppnå personleg utvikling, fagleg - og sosial kompetanse både på skule og SFO. Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for

å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Visjonen vår er «ABU skal vere ein skule for alle, med blick for den enkelte.»

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Skulen har nære relasjonar til PPT og helsesjukepleiar. Samarbeidspartnarar som står meir i treieline til skulen er BUP og andre fagspesifikke kompetanseteam. Skulen pliktar å samarbeide med alle partar til det beste for barnet.

Skulen har og oppgåver knytt til vaksne som har trong for vaksenopplæring eller norskopplæring. Skulen er naturleg part i prosjektet som no heiter innsatsteam. Skulen er formidlar av tilbodet til føresette, men og ein part som skal legge til rette for gode tiltak i den vidare prosessen.

Skulen har bidrege med å få på plass «handlingsplan for eit godt barnehage- og skulemiljø i Aurland kommune». Denne planen vart vedteken i februar 22.

Viktige hendingar:

- Munnleg prøveeksamen for 10.klasse – mai 23
- Standpunktvurdering og utdeling av vitnemål på avslutningsfest for 10.klasse - juni 23
- Følgje årshjulet for «Levande skule - entreprenørskapsplan», eit samarbeid med SJH og Nærøyfjorden Verdsarvpark
- Oppretthalde og vidareutvikle at skuleklubben i barnehagane besøker skulen og SFO fem gonger våren 2023 for å gjere overgangen barnehage skule så god som mogleg for skulestartarane
- Deltaking for 6. trinn i prosjektet SmartEnergi og Entreprenørkonkurranse og messe
- Ulike lokale prosjekt på skulen som nyttar dei tre nye temaene berekraftig utvikling, demokrati og medborgarskap og folkehelse og livsmeistring
- Førebyggande arbeid som deltaking hjå Politikameratane og lokale MOT-øktar på skulen

Mål/utviklingsområde:

- Sikre at det vert trygge og gode overgangar. Frå barnehage til skule, frå småskulen til mellomsteget, frå mellomsteget til ungdomsteget og frå ungdomsteget til vidaregåande skule
- Resultat på eksamen og vitnemål som elevane er stolte av
- Kartlegge og finne elevar som treng ekstra oppfølging i skulekvardagen slik at rett tiltak til rett tid kan bli effektivisert. Å finne elevar som treng ekstra oppfølging betyr både dei som strevar, men og dei som har gode eller svært gode læreforutsetningar
- Nulltoleranse mot mobbing og krenkelse: førebygge, informere, kartlegge, eventuelt setje inn tiltak
- Gi god norskopplæring for minoritetsspråklege vaksne og barn
- Pedagogisk utviklingsarbeid i profesjonsfellesskapet har sidan august 2022 handla om å implementere ein heilskapeleg vurderingspraksis. Det er nye forskrifter for vurdering i skulen og ABU har arbeida med å justere sin vurderingspraksis slik at den stettar dei nye forskrifta

Kort resultatvurdering:

Skuleåret 2022 -2023 starta med 122 elevar. 1 elev har flytta, mens 4 elevar har starta på skulen etter skulestart i august 22. Pr. i dag har ABU 46 born på SFO inkl. bussborn. Det er 3 vaksne deltakarar på norskopplæring. Tenesta norskopplæring vert kjøpt frå Lærdal og Sogndal kommune. Kommunen samarbeider om PPT-ressurs og logopedi med Sogn PPT (vertskommuneavtale). Skulen har teke i mot ein Ukrainsk flyktning, og det har vore kandidatar i språkpraksis i ulike tidsspenn frå hausten 2022 og til i dag.

Skulen har gjennom ulike organiseringar rundt 48 timar spes.ped timar i veka frå 1 til 10. trinn . I tillegg kjem timar kor klassar med særskilte behov vert styrka med ekstra pedagog. Målet med styrkingstimar er å unngå at elevar sakkar akterut i den faglege utviklinga, men heller får det ekstra puffet til vidare framgang.

Skulen har jobba med å få systematisert alle partnarskapsavtalane. Særleg arbeid har ein gjort knytt til det som opprinnleg vart kalla Otternesprosjektet, som så har hatt tilnamnet Verdsarvprosjektet.

Eit anna arbeid som er gjort er å revitalisere intensjonen med skulehagen. Skulehagen gir eit viktig bidrag til elevane si forståing av sirkelen frå jord til bord. Det har vore arrangert dugnad og ein er i desse dagar klar for å plante ut aktuelle planter. Om nokre dagar skal ABU arrangere fagnettverk i Sogn regionråd for mat og helse faget. Tematikken for denne dagen vert å synleggjera korleis ABU nyttar skulehagen (og andre aktivitetar) inn i mat og helsefaget.

Det er høg grad av trivsel blant både elevar og tilsette.

Økonomi/ressurs:

Budsjett pr. 04.05	Rekneskap pr. 04.05	Avvik i %
7 119582,-	7 773300,-	9 %

Nokre postar som bør kommenterast.

1. Det har vore eit større forbruk i løn og overtid til tilsette grunna sjukefråvær, ekstra behov og ekstra behov for møteverksemd (samarbeidstid).
2. Overforbruk på kurs/fagnettverk
3. Innkjøp av tre nye digitale tavler til ungdomstrinnet. Skulen har sagt opp ein lisens for å dekke inn noko av meirforbruket og har flytta midlar frå kontoen lærebøker.

Flåm barnehage

Tenesteleiar Marianne Christensen

Kjerneoppgåver:

Kjerneoppgåvene ligg i samfunnsmandatet til barnehagen, i samarbeid og forståing med heimen, å vare ta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Å vareta barnas behov, forutset eit samarbeid mellom dei ulike instansar, som arbeidar med barn.

Viktige hendingar:

- Tverrfagleg samarbeid barn og unge
- Kommunen er innafor lovmessig med rett på barnehageplass
- Arbeid med nettpower / teams opplæring

- Kompetanseheving innan COS
- Førebyggjande plan for barn/unge
- Tilsett ein barnehagelærer
- Rekrutteringstiltak

Mål/utviklingsområde:

- Rekruttere fleire barnehagelærarar
- Helse på tvers/COS/God psykisk helse
- Oppfylgje krava om lovmessig rett på barnehageplass
- Halde fokus på godt arbeidsmiljøet

Kort resultatvurdering:

Aurland 2022	Landet 2022
26,8	43,5

Tala viser tal barnehagelærarar i prosent av grunnbemanninga pr 2022. Per dags dato har barnehagen ikkje oppfylt pedagognorma, arbeidet med rekruttering er vanskeleg og tidkrevjande.

Økonomi/ressurs:

Budsjett pr. 30.4	Rekneskap pr. 30.4	Avvik i %
1 774 582	1 667 427	6

Kommentar og evt. tiltak under

- Kontinuerleg oppgradering av pedagogisk material både ute og inne
- Redusert brukarbetaling i forhold til låg inntekt
- Auka betaling av lisensar
- Lærlinglønn
- Nedtak i brukarbetaling midt i budsjett året
- Grunna auke i småbarn treng barnehagen fleire barnehagelærarar, for å halde pedagognorma

Frå august 2023 treng barnehagen to barnehagelærarar grunna auke i tal barn under 3 år. Ekstra ferievikarar sommaren 2023 grunna få barn som tek ut ferie på sommaren.

Aurland barnehage

Tenesteleiar Elisabeth Øynebråten Bekkedal

Kjerneoppgåver:

Kjerneoppgåvene ligg i samfunnsmandatet til barnehagen, i samarbeid og forståing med heimen, å vare ta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig

utvikling.

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Å vareta barnas behov, forutset eit samarbeid mellom dei ulike instansar, som arbeidar med barn.

Viktige hendingar:

- Tverrfagleg samarbeid barn og unge
- Kommunen er innafor lovmessig med rett på barnehageplass
- Arbeid med nettpower / teams opplæring
- Kompetanseheving innan COS
- Førebyggjande plan for barn/unge
- Tilsett ein barnehagelærer
- Rekrutteringstiltak

Mål/utviklingsområde:

- Rekruttere fleire barnehagelærarar
- Helse på tvers/COS/God psykisk helse
- Oppfylgje krava om lovmessig rett på barnehageplass
- Halde fokus på godt arbeidsmiljøet

Kort resultatvurdering:

Aurland 2022	Landet 2022
26,8	43,5

Tala viser tal barnehagelærarar i prosent av grunnbemanninga pr 2022. Per dags dato har barnehagen ikkje oppfylt pedagognorma og arbeidet med rekruttering er vanskeleg og tidkrevjande.

Økonomi/ressurs:

Budsjett pr. 30.4	Rekneskap pr. 30.4	Avvik i %
3 545 003	3 464 855	2,26 %

Kommentar og evt. tiltak under

- Redusert brukar betaling i forhold til låg inntekt og rett på gratis kjernetid frå dei er 2 år
- Vedtak på barn som treng ein til ein, auke i bemanning frå august 2021, det eine tiltaket går over i skulen frå august 2023 og det andre må vidare førast frå august 2023
- Lærlinglønn
- Søskenmoderasjon vert lagt til Aurland barnehagen der dei har søsken i Aurland og Spiren.
- Auka betaling av lisensar
- Nedtak i brukarbetaling midt i budsjett året.

- Auke av grunnbemanninga for å støtte oppom flyktningbarn

Frå august 2023 kjem det ein ein barnehagelærer til for å halde pedagognormen, dvs at prognosane som seier mindreforbruk vil utjamne seg.

Flåm skule

Astrid Hassel tenesteleiar

Kjerneoppgåver:

Skulen skal gi ei god og tilpassa opplæring til alle elevar gjennom planlegging, undervisning og vurdering. Vi skal legge til rette for at elevane skal oppnå personleg utvikling og få god fagleg og sosial kompetanse både på skule og SFO. Vi skal skape eit trygt og godt skule- og læringsmiljø med fokus på god psykisk helse med tett oppfølging frå vaksne.

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Tett samarbeid med alle etatar som arbeider med og for barn og unge lokalt og regionalt i region Sogn. Skulen deltek i nytt prosjekt under «System for styrka læring i Sogn 2022 – 2030», i fagnettverk og i pedagogisk utviklingsteam.

Viktige hendingar:

- Teke i mot elev frå Ukraina og tilsett ukrainsk morsmålsleiar. Med dette er 10 nasjonalitetar representerte i elevflokket på skulen.
- Starta arbeidet med endring, omorganisering og rekruttering.

Skulen har starta arbeidet med å erstatta to pedagogar frå august 2023. Det kan sjå ut som rekruttering til pedagogstillingar i Aurland er utfordrande. Konkurransen mot storkommunar som Sogndal og Voss stor. I tillegg kjem nyutdanna pedagogar ut med svært smal fagutdanning i den nye masterutdanninga. Dette gjer det utfordrande å dekkja opp alle fagområda vi treng i skulen – særleg på barnesteget.

Mål/utviklingsområde:

- Fremme trygt og godt skulemiljø med fokus på livsmeistring og god psykisk helse – jfr. «Kommunal plan for arbeid med god psykisk helse i barnehage og skule i Aurland kommune 2019 – 2023»
- Ha sterkt fokus på fagområda i programplanen for «System for styrka læring i Sogn 2022 – 2030», og nytta element frå desse i felles planarbeid og dagleg undervisning
- Implementere skulen sin lokale plan for sosial kompetanse

Kort resultatvurdering:

Eininga driftar skule og SFO på ein nøkternt og løysingsorientert måte. 66,7 % av pedagogstillingane går til andre oppgåver enn undervisning - 20,5 % av dette er livsfasetiltak. Merkantilressurs på eininga er redusert frå 40 % til 20 % i samband med endringsprosess.

Reduksjonen av den pedagogiske personalressursen med 60 % inneverande skuleår, gir utfordringar i høve fleksibilitet og det gir auka utgifter til vikar ved fråvær. Tenesteleiar har ein stor del av stillinga knytt til undervisning, noko som reduserer tid til møteverksemd og prosjektdeltaking. Mindre ressursar gir også utfordringar knytt til deltaking i, og drift av, utviklingsarbeid - både regionalt og kommunalt.

Resultatet i høve rekneskap og budsjett syner eit avvik på kr. 47 315 ved utgangen av april. Avviket er knytt til arbeidsgjevaravgift. Forsikringspremie har auka. Dette er ikkje teke høgde for i budsjettet.

Økonomi/ressurs:

Budsjett pr. 30.04	Rekneskap pr. 30.04	Avvik i %
2 150 322	2 197 637	- 2,2

Helse og førebygging

Guri Olsen tenesteleiar

Kjerneoppgåver:

Helsetjenester med heimel i helse og omsorgstjenesteloven. Legekontor, helsestasjon med jordmor, fysioterapi, ergoterapi, rus og psykisk helsetjeneste, koordinerte tenester og kreftkoordinator.

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Førebyggjande arbeid, mellom anna det nye innsatsteamet retta mot barn og unge. Eininga deltek i arbeidet kring Leve Heile Livet reforma med kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi.

Viktige hendingar:

- Eininga har hatt fleire studentar i praksis første kvartal mellom anna helsesjukepleie og lege.
- Fleire tenester ved eininga tok i bruk nytt journalsystem 1. januar – Visma Profil. Dette gjeld rus, psykisk helse, kreftkoordinator, koordinerande eining, treningskontakt og fysioterapeut.
- Ergoterapistillinga står framleis vakant. Stillinga er lyst ut fleire gongar og det er no kvalifisert søker til stillinga.
- Helsesjukepleier i engasjement stilling på prosjektmidlar starta i stillinga 1. januar.
- Ny jordmor starta 1. januar. Kommunen kjøper no tenester frå Voss sjukehus
- Helsestasjonen har saman med dei andre helsestasjonane i IKT samarbeidet IKTNorhordaland bytt journalsystem. I mars vart Infodoc bytta ut med Visma HSPRO. Videre skal dei ta i bruk digihelsestasjon.
- Ut over dette går det mykje tid hjå ein del tilsette til deltaking i ulike arbeidsgrupper som ledd i omstillingsprosjektet og planlegging av bruk av nybygget.

Kort resultatvurdering:

Det er ventetid for tenester hjå fysioterapeut og ergoterapeut. Fysioterapeutane tek etter beste evne ergoterapioppgåver.

Økonomi/ressurs:

Budsjett pr. 30.4	Rekneskap pr. 30.4	Avvik i %
6 556 929	6 405 231	97,69

Eininga litt pr første tertial innafor budsjett.

Det er vakant stilling på ergoterapi. Medan det ikkje har lukkast å rekruttere faste legar, så ein held fram med å nytte vikarlegar.

NAV Aurland

Einar Moen tenesteleiar

Kjernefunksjonar:

NAV Aurland har ansvar for budsjettområde 301. Her inngår økonomisk sosialhjelp, råd og rettleiing, flyktingtenesta, midlertidig bustad og gjeldsrådgjeving. I tillegg har NAV-kontoret ansvar for Husbanken sine startlån og tilskot. Kontoret har ansvar for utleigebustader til vanskelegstilte . NAV-kontoret har ansvar for dei statlege ordningane til NAV med oppfølging av brukarar innan sjukefråvær, arbeidsavklaringspengar og arbeidssøkjalar m.m.

Tverrfaglege prosjekt og oppgåver:

NAV Aurland og NAV Lærdal har felles leiing og samarbeider om tenesteproduksjon og beredskap. Kontora har felles Flyktingteneste med Vaksenopplæring, der Aurland kjøper desse tenestene frå NAV Lærdal.

Viktige hendingar:

Pågåande prosjekt om utgreiing av moglege alternativ for organisering av navkontoret.

Mål/utviklingsområde:

Vedtak om busetjing av flykningar er det viktigaste styringssignalet til NAV-kontoret på kommunal side. God økonomirådgjeving, formidling og støtte til arbeidslinja på brukarnivå. Sikre barneperspektivet i sossalsaker.

Kort resultatvurdering:

Det er busett 4 flykningar fyrste tertial. God drift, få arbeidsledige.

Økonomi/ressurs:

Budsjett pr. 30.04	Rekneskap pr. 30.04	Avvik i %	Prognose per 31.12	Budsjett 31.12
680.000	535.820	+ 21,2	2.040.000	

- Ta ut eigen tertialrapport, gå igjennom og juster avvik ved å flytte på art om nødvendig
- Endre periodisering om nødvendig
- Forklar meir- og mindreforbruk

Aurland og Lærdal barnevern

Anja Brekke Moldvær tenesteleiar

Kjerneoppgåver:

Barnevernet skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får naudsynt hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Barnevernet skal bidra til at barn og

unge vert møtt med tryggleik, kjærleik og forståing og at alle barn får gode og trygge oppvekstvilkår

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Barnevernet skal medverke og samarbeide med andre offentlege organ for å sikre at barns interesser vert ivareteke. Dette inneberer tett kontakt og samarbeid med andre instansar som er i kontakt med barn, unge og deira familiar. Utviklingsplanen til barnevernet har med dette som eige punkt i arbeidet framover

Barnevernet deltek i Innsatsteam.

Frå 1.1.22 skal kommunen ha ein plan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar. Arbeidet med planen har starta opp og tenesteleiar barnevern har prosjektansvar for gjennomføring og ferdigstilling av planen

Viktige hendingar:

- Vakanse på tiltaksarbeidar stillinga, men ny medarbeidar startar i juli 23.
- Kommunen har frå 1. januar 2022 overteke større delar av ansvaret for barnevern, herunder tiltak til utsette barn og unge.
- Det er framleis lite meldingar inn i tenesta i Aurland, men det er ein liten auke frå førre år. Til liks med utviklinga elles i landet ser me at sakene er meir komplekse og arbeidskrevjande.

Mål/utviklingsområde:

- Kvalitetsutviklingsarbeidet er komme i gang att, og tenesta har inngått avtale med Visma Veilederen. Dette verktøyet vil vere eit løft i høve opplæring og eigenleing i tenesta.
- Ingen fristbrot.
- Fyrste halvår i 2023 har tenesta hatt fokus på å bli kjend med andre tenester sine arbeidsområde, metodar og ansvar. Mellom anna har me fått informasjon om rammeplan for barnehagar, PPT og skulemiljøsaker
- Oppvekstreforma er framleis aktuell og set krav til kommunen. Det vil utfordre kommunen til å sjå oppvekstområde og tiltaksporteføljen vår meir under eitt, og er spennande utviklingsarbeid for heile oppvekstsektoren

Kort resultatvurdering:

Tenesta har opplevd mykje utskifting dei siste åra, og har hatt vakanse over tid i ei stilling. Tenesta har god grunnkompetanse, med variert både fagbakgrunn og erfaring. Dei tilsette vert oppmoda til å ta vidareutdanning i barnevern, etter dei studieforløpa som Bufdir tilbyr. Dette skal bidra til at tenesta stettar kompetansekrava etter 2030.

Økonomi/ressurs:

Budsjett pr 30.04	Rekneskap pr 30.04	Avvik	Avvik i %
kr 1.627.458	kr 1.499.366	-128.092	-7,87

Tenesta har per 30.04 eit underforbruk, og mykje av dette kjem av at det er ei stilling med vakanse. Det er rekruttert inn i denne stillinga, og vedkommande vil starte i medio juli. Det er per no eit pågåande tiltak som vil ha kostnader knytt til seg som ikkje låg føre når budsjettet vart vedteke. På den andre sida vil det kunne bli mindre bruk av innleige på rettleiingstiltak når tiltaksarbeidar er komme i drift.

Totalt sett vil tenesta mest truleg gå noko over budsjett i 2023.

Pleie og omsorg

Kjerneoppgåver: planlegging, vurdering, tildeling og drift av helse og omsorgstenester etter helse og omsorgstenestelova.

- **Institusjonstenester**
 - Helsehjelp, behandling, rehabilitering, avlastning, korttidsopphold, og langtidsopphold i institusjon
- **Tenester i eigen heim/omsorgsbustad**
 - Helsehjelp, praktisk bistand og opplæring, rehabilitering, matombringing, trygghetsalarm/velferdsteknologi og kvardagsrehabilitering, samt dagsenter for heimebuande eldre med demenssjukdom

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Samhandling i tenesteytinga med brukar, pårørande, nettverk, og andre tenesteytar, som ergoterapeut, fysioterapeut, sjukeheimslege, fastlege, tannlege, og spesialisthelseteneste. Samhandling og samarbeid internt med tenesteeiningar teknisk på bygg /bustader.

Viktige hendingar:

- BHT-samarbeidsplan for 2023 utarbeida 23.01.2023
- Deltaking i læringsnettverk i regi av KS, TØRN: organisering av helse og omsorgstenester
 - Samlingar og arbeidsgruppemøter
- Kunngjering av kommunalt utdanningsstipend saman med bu og miljøtenester jf. KS sak: 096/21
- Samarbeid med kultur om kulturell aktivitet i Aurland helsetun, plan for 2023
- Leve heile livet reform
 - Matombringing meny tilgjengelig for innbyggjarar på kommunen sin nettside
- Heildøgnsomsorgsbustader, ferdig hausten 2023
 - Namnekonkurrans
 - Arbeidsgrupper med fokus på:
 - Velferdsteknologi til nybygg
 - Teknologi (informasjonsskjerm, TV-skjerm, videokonferanseutstyr)
 - Inventar (møbler)
 - Hjelpemiddel og takheis

Mål/utviklingsområde:

- Organisering av helse og omsorgstenester
 - OU-prosess
 - Deltaking i KS sin læringsnettverk TØRN
 - Rett kompetanse til rett tid og stad
 - Arbeidsfordeling og oppgåver
 - Turnusordningar: langevakter
 - Heiltidskultur
 - Auka stillingsprosent frå 85 % til 100 % helsefagarbeidar
 - Lyse ut vikariat i 100 % istadenfor 75 %
- Delprosjekt 3 samlokalisering av helse og omsorgstenester
- Byggeprosjekt for fleire bueiningar med heildøgnstenester
 - Velferdsteknologiske løysingar til nybygg
- Implementering av nytt journalsystem (EPJ) Visma Profil

- Innføring av velferdsteknologiske løysingar
- Leve heile livet
 - Mat og ernæring
 - Frivillige måltidsvenner
- Rekruttere og behalde i helse og omsorg ink. kjøkken

Kort resultatvurdering:

Fyrste del av 2023 har vore preget av mange ulike prosjekter, til dømes implementering av nytt journalsystem (EPJ) Visma profil, TØRN, velferdsteknologi og nybygg. Det kan vere utfordrande å få til balansen mellom driftsoppgåver og utvikling, særleg når avdelingane manglar personell. Det er ledige stillingar både i heimebaserte tenester og i Aurland Helsetun. For å få til vellykka prosess og implementering er det avgjerande å inkludere og involvere tilsette som arbeidar i avdelingane. I heimebaserte tenester er det ledig:

- 100 % x 2 helsefagarbeidar
- 100 % fast sjukepleiar /vernepleiar

I Aurland Helsetun (sjukeheim) er det ledig:

- 1 x 100 % vikariat helsefagarbeidar
- 1 x 100 % fast vernepleiar
- 1 x 100 % fast sjukepleiar /vernepleiar

Som ledd i heiltidskulturerklæringa er ein helsefagarbeidarstilling blitt auka frå 85 % til 100 % og vikariat i 75 % stilling er lyst ut som 100 %. Det er òg fleire ledige vakter på helg, i tillegg til ledige vakter på sommaren. Vakanse oppstår òg som følgje av naturlege årsaker, til dømes ved permisjon og sjukdom. I tidlegare år har pleie og omsorg tilbydd ekstra betaling for å dekke opp ledige vakter, resultat i 2. tertial vil kunne vore påverka av utgifter knytt til avviking av sommarferie. Tenestene følg opp pasientar med samansette utfordringar og har ansvar for palliativ behandling/omsorg, dette har i 1.tertial utløyst behov for å setje i verk ekstra ressursar, noko som medført auka utgifter, men avdelinga har held seg innanfor budsjett.

Pleie og omsorg må fortsette arbeidet med organisering av tenester med fokus på arbeidstidsordningar og arbeidsfordeling/oppgåver. Avdelingane er nå i en prosess om langevakter saman med tillitsvalde. Det er kartlagt ønske om langevakter bland tilsette og målet er innføring av langevakter på helg frå 2024.

Tenestene må bli levert på ei anna måte enn det som vert gjort i dag, forsvarlege tenester skal bli ytt, men med færre ressursar. Det er et gap mellom innbyggjar sine forventingar til tenester og kva eininga er i stand til å levere av tenester. Fokus må bli retta på kjerneoppgåver, prioritering av oppgåver/ tenester, og reduksjon på nivå av tenester.

Økonomi/ressurs (1-4)

Budsjett per.b(end)	Rekneskap pr. 1-4	Avvik %
13.829.627	13.731.627	-0,7 %

Bu og miljøtenester

Tenesteleiar Christine Warholm Naasen

Kjernefunksjonar:

- Planlegging, vurdering, tildeling og drift av helse- og omsorgstenester etter helse og omsorgstenestelova.

Tenester i eigen heim/ omsorgsbustad med heildøgnssteneste:

- Helsehjelp, praktisk bistand og opplæring, avlastning, støttekontakt, omsorgsstønad

Tverrfaglege prosjekt og oppgåver:

Samhandling i tenesteytinga med brukar, pårørande, verje, nettverk, koordinerande eining og andre tenesteytarar, som psykiatrisk sjukepleiar, ruskonsulent, ergoterapeut, fysioterapeut, skule, barnehage, fastlege, tannlege og spesialisthelsetenesta. *Samhandling og samarbeid internt* med tenesteininga teknisk på bygg/bustader, og pleie og omsorg om helsetenester i heimen.

Viktige hendingar:

1. Tildele tenester etter helse- og omsorgstenestelov basert på søknad om teneste, evaluere tenester i tråd med vedtak og iverksette teneste.
2. Implementere og ta i bruk nytt elektronisk pasientjournal (EPJ) system frå 01.01.2023.
3. Ta i bruk ny velferdsteknologi.
4. TØRN-prosjekt; grunna sjukefråvær har eininga prioritert annleis i første tertial, og har ikkje deltatt aktivt i TØRN prosjektet i kommunen.
5. Deltaking i omstillingsprosjekt, jf KS vedtak 3 og vedtak 4
6. Halde fram med å implementere system for samhandling, kvalitet- og handtering av avvik.
7. Deltaking i CRPD-nettverk for gode teneste til personar med utviklingshemming, med mål om å forankre i Aurland og ta i bruk ny nasjonal rettleiar, som skal sikre betre teneste til menneske med utviklingshemming.
8. Eininga har i 1 tertial fått tildelt 330 000 kr i støtte frå Statsforvaltaren i Vestland til finansiering av 1 årsverk i bustad retta mot tenester til menneske med rus- og psykisk sjukdom. 2023 er det fjerde og siste året kommunen får slik støtte gjennom denne støtteordninga.
9. Tenesteleiar vart peika ut til å leie og vere prosjektleiar for OU fase 2 for kommunalområde helse og omsorg, i lag med ny, komande kommunalleiar. Prosjektarbeidet starta i 1 tertial, og held fram i 2 tertial.

Mål/utviklingsområde:

1. Nytt EPJ system er implementert i alle avdelingar og tiltak i 1 tertial. Sakshandsamingsdelen har hatt manglar, som har ført til redusert kapasitet i høve vedtaksfatting.
2. Deltaking i omstillingsprosjekt, jf KS vedtak 3, om å samle helse- og omsorgstenestene i Skjerdalsvegen, og KS vedtak 4, om vurdering av sal av omsorgsbustader i Flåm, og i høve vurdering om brukarane på Vetleli kan få sine teneste ytt ved nye omsorgsbustader i Skjerdalsvegen. Leiar og representanter frå personalgruppa har delteke i arbeidsgruppene, og bidrege med forankring og innspel i prosjektgruppene. Eininga har spesielt hatt ansvar for å legge til rette for god brukarmedverknad i høve KS-vedtak 4, om teneste til brukarane på Vetleli.
3. Deltaking i fleire ulike prosjekt knyta til det nye bygget i Skjerdalsvegen; velferdsteknologi, inventar, hjelpemiddel, teknologisk infrastruktur, i lag med leiargruppa frå pleie og omsorg, og viktige funksjoner frå helse og førebygging.

Kort resultatvurdering:

- Tenesteutvikling:
 - Fleire langtids sjukefråvær i eininga har ført til at eininga har prioritert annleis i 1 tertial. Dette har ført til at fleire satsingsområde har blitt utsett og nedskalert. Dette gjeld spesielt målet om å ta i bruk ny velferdsteknologi, TØRN og arbeid med forankring av CRPD-nettverket.
 - Eininga har jobba for å få lagt inn fleire prosedyrar og retningslinje i det elektroniske kvalitetssystemet.
 - Eininga har prioritert deltaking i omstillingsprosjekt, prosjekt knyta til nytt bygg i Skjerdalsvegen, og OU-fase 2, prosjekt i nytt kommunalområde helse og omsorg.

Økonomi/ressurs:

Budsjett pr. 31.04.23	Rekneskap pr. 31.04.23	Avvik i %	Prognose	
12 383 342	11 912 921	- 4%	27 240 000	

- Sjukefråværsprosenten i 1 tertial er 14,73 %, der 9,5 % er knyta til langtidssjukefråvær. Eininga har også vakante stillingar ved bufellesskap og BPA-tiltak. Tala syner at eininga har hatt eit overforbruk i høve overtid, og årsaka ligg i høgt sjukefråvær og vakanse. Eininga jobbar aktivt med å ta ned drifta der drifta tillèt det, for å unngå overtid. Eininga jobbar også med rekruttering av vakante stillingar. Grunna overforbruket må eininga gjere enda kraftigare grep i 2 tertial, og innskrenke bruk av overtid og jobbe for å få rekruttert i vakante stillingar.
- Avvik i % syner eit positivt avvik ved utgangen av 1 tertial. Det er venta at dette talet vil utjamnast i 2 og 3 tertial. Prognosen pr i dag tilseier at eininga vil klare å halde budsjettramma, om eininga klarer å redusere bruk av overtid og sjukefråværet vert normalisert.

Teknisk

Tenesteleiar Reinhardt Sørensen

Kjerneoppgåver/overordna bilde av ansvarsområde:

- Eigedomsforvaltning og grunnerverv
- Drift og forvaltning av kommunale vegar
- Drift og forvaltning av kommunale bygg
- Drift og forvaltning av vatn og avlaupsanlegg
- Drift av miljøstasjon og grøntanlegg
- Brannberedskap og førebyggjande brannvern
- Kommunal beredskap
- Vassforvaltning, ureiningssaker og utsleppsaker
- Kart, geodata og oppmåling

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

- Gjennomføre kommunale investeringar og prosjekt.
- Delta i rådgjevingsprosjekt knytt til gjennomføring av investeringstiltak i andre tenesteeiningar.
- Kommunal beredskap, beredskapskoordinator.

Viktige hendingar:

- Bygging nybyggdel omsorgsbustadar Aurland helsetun.
- Bygging av VVA og tomter Ty bustadfelt.
- Bygging av VA Rådhuset – Trudvang – Hopen
- Bygging av nærmiljøanlegg ABU, Flåm og Gudvangen
- Slutføring av Ytstebøen bustadfelt
- Planlegging og utarbeiding anbudsgrunnlag for totalentreprise ny idrettshall.
- Prosjektering av nytt parkeringsareal Flåm, anbudsprosess og oppstart byggjearbeid.
- Gjennomføring av vedtak i prosjektet «Aurland trafikk og parkering».
- Anbudsprosess for nytt høgdebasseng Fretheimshaugane, kontraktsforhandlingar og planlegging av oppstart av byggjearbeid.
- Omstillingsprosjekt for heile organisasjonen.

Mål/utviklingsområde:

	Krav	Utført /rapportering
Sideterrengsinspeksjonar på kommunale vegar og bruer	Fortløpande rapportering av avvik og utbetningspunkt på kommunale vegar	Årleg gjennomgang
Planlegge oppfølging av prioriterte tiltak i kommunale planar	Overleveringsmøte når aktuelle planar er vedtekne/stadfesta	Vert utført fortløpande.
Tenesteskildringar	Utarbeide tenesteskildring for dei ulike fagområda på eininga	Hausten 2023 Når nytt kommunalområde er organisert opp, skal det utarbeidast oppdaterte tenesteskildringar
Geodataplan	Utarbeide Geodataplan for dei neste fire åra for kommunen	Hausten 2023 Samordna nytt kommunalområde
VA base	Oppdatering FKB data - VA base i kart, som grunnlag for hovudrullering av hovudplan VA	
Tilsyn private avlaupsanlegg	Tilsynsstrategi, tilsynsprogram, malar	Samarbeidsprosjekt med fleire kommunar.
Aurland trafikk og parkering	Innføring av parkeringsgebyr, administrering, handheving, tilrettelegging, opparbeiding i samsvar med vedteken parkeringsstrategi og organisasjonsform.	lhht sentralt styringsdokument for prosjektet.
Oppfølging trafikktryggingstiltak	Oppfølging og gjennomføring av trafikktryggingstiltak i gjeldande plan Innføre system og rutinar for TS-inspeksjonar på det kommunale vegsystemet.	Fortløpande

Rullering – kommunedelplan for veg og trafikktrygging	Ny hovudrullering av kommunedelplan	Oppstart hausten 2023
Rapportering	Årleg rutine for rapportering til politisk organ	Tilpassast møteplan 2023 Utført
Strategi for drift av park og idrettsanlegg	Utarbeide strategidokument for drift av park og idrettsanlegg i samband med at tenesta skal drivast i eigen regi. Avklaringar i høve ansvar og prioriterte område. Bosshandtering m.fl.	Oppstart hausten 2023.
Strategi for drift av offentlege toalett i kommunen	Utarbeide strategidokument som omhandlar kva toalett kommunen skal drifte, tilskot/støtte ordningar, framtidige lokalitetar sett i høve hovudplan for vatn -og avlaup, avklaringar i høve ansvar.	Oppstart hausten 2023

Kort resultatvurdering:

Eininga har i starten av 2023 tilsett og styrka parktenesta med ytterlegare ein ressurs i samband med at drifta av parkanlegga og idrettsanlegg skal drivast i eigen regi. Ny ressurs startar juni 2023. Eininga har nytta vinteren på å bygge oppatt tenesta og kjøpe inn maskiner og utstyr i samsvar med prosjektnr 23003.

Pandemien og krigen i Ukraina har gjennom 2022 og 2023 ført til auka pris og etterspurnad på materiale. Leveringstida har auka vesentleg og det er stor usikkerheit knytt til pris. Denne situasjonen får direkte konsekvens for både investeringar, drift- og vedlikehald. Flyktningar frå Ukraina som kommunen tek i mot, har behov for bustadar. Det blir arbeidd med tilrettelegging kring dette.

Det er generelt høg aktivitet på drifta innan drift og vedlikehald på veg, bygg, VA og parktenesta. I tillegg vil parkeringsordninga medføre behov for tett oppfølging i høve organisering, oppfølging og drift av dette. Når alle system og anlegg er oppe og går, vil sjølve drifta av parkeringsordninga krevje om lag 30% ingeniørstilling ut i frå det omfanget kommunen legg opp til for 2023. Dette vil gå ut over kapasiteten på eininga til oppfølging innan anna drift og investeringar.

Økonomi/ressurs:

Budsjett 1. tertial	Rekneskap pr. 31.04.2023	Avvik i %
8 354 683	8 322 891	0,38%

Eining har eit rekneskap om lag i samsvar med budsjett for 1 tertial.

Innan inntekter er det reduserte inntekter på torget i Flåm som følgje av at dette vert handtert av Aurland hamnevesen KF om lag kr 400 000,-. Dette vil bli teke ut i samband med budsjett 2024. Det vert elles registrert auka inntekter i høve sal av vatn for 1. tertial 2023, i høve året før.

Investeringar:

Budsjett 2023	Rekneskap pr 11.05.2023
Kr 150 609 000,-	Kr 45 094 337

Det er generelt for høg investeringsaktivitet i kommunen. Det er krevjande å sikre god prosjektstyring og framdrift ved sida av andre driftsoppgåver, driftsprosjekt, utviklingsarbeid og beredskapsarbeid. Det er naudsynt at kommunen gjer justeringar på aktivitetsnivået i tida framover.

Det er knytt stor usikkerheit til indeksregulering. Kommunen må ta høgde for dette.

Ein del av investeringsprosjekta krev brei involvering i organisasjonen gjennom fagressursar på VA, bygg, veg, oppmåling og park.

Berre for prosjektnr 20001 Bygningsmessige tiltak Aurland helsetun er indeksreguleringa(prisauken) på om lag 10 mill fordelt på alle entreprisane, frå oppstart av byggjearbeid og til no. Denne auken ser vi på alle prosjekta som pågår, samt prosjekta som er i startgropa og er basert på tidlegare kalkyler. Naudsynte justeringar på finansiering vert handtert gjennom budsjettreguleringa.

Det blir elles synt til kommentarar under kvar investering i tabell som følgjer 1. tertial.